



Alfred Syslak  
Veråsvegen 434  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1439 - 16/23811

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
06.09.2016

## Gbnr 110/7 Syslak. Melding om vedtak i sak 096/16 i plan- og miljøutvalet.

Vedlagd følg utskrift av møteboka for plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 096/16. Utvalet gjorde følgjande vedtak:

- Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 600m<sup>2</sup> skogsgrunn frå gnr.110 bnr.7 slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknad motteke i kommunen 27.04.16.
- Med heimel i Pbl §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for området, og frå §1-8 i plan- og bygningslova, slik det er søkt om. Arealet skal nyttast til to nausttomter. Det er eit vilkår at tomtane ikkje skal gjerdast inne og at brygger og parkeringsplassar skal kunne nyttast av ålmenta.
- Med heimel i jordlova §12 vert det gjeve løyve til å dele frå 600m<sup>2</sup> skogsgrunn til føremål naust, slik det er søkt om.
- Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. §21-9 i Pbl.

### Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker frå dei fekk vite om avgjerda, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Fylkesmannen er part i saka og har rett til å vurdere om han vil klage over kommunen sitt vedtak. Vedtaket er difor ikkje endeleg før det er klart at fylkesmannen ikkje vil nytte retten til å klage.

### Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke i desember 2015 gjeldande frå januar 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjon frå gjeldande arealplan	kr.9200,-
Deling som ikkje er i samsvar med arealføremålet	kr.8500,-
Deling etter jordlova §12	kr. 2000,-



Sum

kr.19700,-

Krav om gebyr vert sendt ut i eige brev.

Med helsing

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Alfred Syslak

Veråsvegen 434 5955

LINDÅS